



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Referat frå styremøte onsdag 10. april 2019 kl 18.00

Til stades:

Ane S. Holm (2018-2019)

Åsbjørg Hægeland (2019-2020)

Sigrun Lønning Solvang (2019-2020)

Øystein Kvamme (2018-2019)

Mari Songe (2018-2019)

Opning og mat ved Mari: Ho las frå Johannes 1, om Jesus som ljuset i verda.

Sak 11/19: [Godkjenning av referat frå styremøtet 27. februar 2019](#)

Referatet er godkjend utan merkander

Sak 12/19: [Orientering om møtet med Anne Margrethe Mandt-Anfindsen og vegen vidare etter dette](#)

Ane med fleire refererte frå møtet.

Dei store og viktige spørsmåla kyrkja vår står overfor no er; Kor er vi og kor skal vi?

Vi lurer på om Menighetsskolen er noko for oss. Dette er eit opplegg som går over 3 modular fordelt over 2 år. Vi vil tenkje på dette til neste styremøte og ta ei avgjerdsle då.

Vi må finne ut om kven som skal ta initiativet til eit neste besøk av menighetsrådgjevar A.M. Mandt-Andfinsen, ho eller oss.

Sak 13/19: [Cornerstone](#)

- Åsbjørg orienterte kort om litt av innhaldet i Cornerstone. Vi kan i denne databasen opprette grupper, t.d. «Barn på sundagstreff» / «Dei som får SMS-

info» /... Vi kan også opprette «taggar», t.d. «Vist politiattest», «Signert at lese retningslinene for førebygging og handtering av seksuelle krenkingar» / ...

- Åsbjørg tar på seg å overføre protokollen over lokalt medlemskap til Cornerstone. Det er fint å få denne oppdatert og korrigert. Om naudsynt spør ho Olav B. Holm om å hjelpe til.
- Faste gåver kan også med fordel registrerast her. Sjå neste sak.

Sak 14/19: [Rekneskap til eksternt firma](#)

Magnus Kvalbein var til stades på denne saka.

KNIF har gjeve oss eit tilbod på å overta rekneskapen vår for kr 20 000 ekskl mva. Dei kan ikkje love overføring før i august

Rekneskapskontoret har ikkje gjeve oss noko konkret pristilbod.

Vi vurderer KNIF sitt tilbod som urimeleg dyrt. Etter nokre drøftingar fram og tilbake sa Magnus seg villig til å halde fram med å vere kasserar og føre Betel sitt rekneskap på villkår av at han kan kjøpe rekneskapsprogrammet VISMA for 250kr/mnd. Styret er svært takksame for denne løysinga!

Det er teneleg at vi går over til avtalegiro via Cornerstone for dei faste gåvene. På den måten kan vi fase ut Solidus. Åsbjørg tek tak i dette, og spør Olav/Oddvar og hovudkontoret om hjelp. Dette bør bli gjort innan utgangen av 2019. I samband med omlegginga bør vi også sende ut takkebrev til gjevarane våre.

Magnus er positiv til at vi går over til å VIPPSE kollektpengane til Betel, slik at han slepp å gå med pengane i banken.

Åsbjørg må gje Magnus tilgang til Cornerstone.

Åsbjørg må spørje sentralt om å få leserettighet til menighetsprotokollen (trussamfunnet).

Sak 15/19: [Evaluere diverse arrangement](#)

- Fellesmøta – fellesmøtekomiteen har evaluert møta, og Ane refererte frå dette. Generelt godt nøgde med møta.
- Bibeltimen i april ved Johan Hammerich om nådegåver – 11-12 stk var til stades. Grundig undervisning. Kunne vore lagt opp med samtale etterpå. Vi kan gjerne ha ei ny samling om nådegåver til hausten.
- PMF-vintermøtet som Åsbjørg var på i februar – Dette var inspirerende og gode møte. Bør prioriterast dersom vi har tilsette i kyrkja vår!

Sak 16/19: [Eventuelt og info](#)

-Forslag: Skal vi tipse VTB om strikkekafeen?

- Sigrun spør Anlaug og Gunnhild om dei trur gruppa vil like dette.

- Forslag: Kan Betel gå i dialog med Fredheim om kven som blir invitert til å tale m.v. på Fredagsklubben? (jmf Jesus Moment Tour, 29/3, der det var eit noko usunt fokus på helbredelse.)

- Åsbjørg tar kontakt med Kamilla Minde frå Fredheim for snakke om dette, og for å minne om at vi gjerne kan bistå med vaksne ekstraleiarar dersom dei (seinare ein gong) trur det kan bli behov for dette.

- Info: TenTro-konfirmasjonen blir på Betel (ikkje på Fredheim).

- Forslag: Invitere Ansgar-skulen til å ha konsert. Dei vil gjerne kome til Kviteseid / Kvitsund.

- Styret er positiv til å lage Ansgar-konsert på Kvitsund til hausten, gjerne som eit samarbeid mellom Betel og Kvitsund.

- Forslag: Lage misjonstur for dei største ungdommane neste skuleår til Romania. Porsgrunn Misjonskyrkje har kontaktar i Romania.

- Styret er positive til dette, og Sigun tek kontakt med Sigrid T. Lofstad som er på tur der akkurat no, for å høyre med henne om dette vil vere eit konsept det passar for ungdommane våre å bli med på.

- Forslag: På Fornebu held dei på å plante ei ny misjonskyrkje. Åsbjørg har vore i kontakt med Anne Hansli som jobbar med dette. Kan vi bidra med støtte til denne menighetsplantinga, anten ved forbøn eller ved pengestøtte?

- Vi tar saken med til bønneøtet og ber for Fornebu. Åsbjørg tar kontakt med Anne Hansli for å fortelje at vi ber, og spørre om dei treng noko meir.

- Info: Godhetsveka er i rute.

- Info frå fellesmøtekomiteen: Neste års fellesarrangement blir

29. september: Sangmøte ved Arvid Pettersen m.fl.

2. februar: Felles familiemøte med Linda A. Johansen. (Seminar laurdag 1. februar)

6.-8. mars: Fellesmøter. Betel har ansvar for møtevertar og kollektørar

4.-9. mai: Godhetsveke 2020

- Forslag: Sende nokon på leiarsamling i Notodden måndag 29. april.

- Sigrun og Åsbjørg reiser.

- Forslag: Sende nokon på regional samling i Skien tysdag 28. mai.

- Ingen styret har høve til å reise.

- Alle i styret har no lese *Retningslinjer for forebygging og handtering av seksuelle krenkingar*. Åsbjørg registerer dette i Cornerstone.

- Neste styremøte blir onsdag 5. juni kl 18.00 på Betel. Åsbjørg har mat og opning.

Åsbjørg Hægeland, sekretær